

Leiars tale til Natur og Ungdoms landsmøte 2019

Kjære landsmøte!

Eg er så utruleg glad for å sjå dokker alle saman, og det er særleg kult med dokker som har tatt buss og tog heile vegen frå Alta og Tromsø!

Eg gler meg masse til dei neste dagane kor me skal legge planar for korleis me skal vinne miljøraker i året som kjem. Kjære alle saman, velkomen til Natur og Ungdoms landsmøte!

Det me bestemmer her blir dei viktigaste miljørakane i 2019. Eg veit at dokker er like gira som meg på å:

- Stanse ein ny rullebane på Gardermoen
- Stoppe gruvedumpinga i Førdefjorden og Repparfjord
- Saksøke staten i lagmannsretten
- Og på at me endeleg, etter så mange års kamp, skal vere med på at Arbeiderpartiet, på sitt landsmøte i april går inn for eit oljefritt Lofoten, Vesterålen og Senja!

2018: Året klimaendringane blei nære

I året som gjekk blei det nok ein gong altfor klart kvifor den jobben me gjer er så viktig. Sommaren viste oss ein smakebit av klimaendringane me har i vente.

Dei brunsvilde jorda og bønder som måtte slakte dyra sine – skogane som stod i brann. Allereie ser me at rekninga for klimakrisa har blitt kjempestor.

Ofte snakkar ein om at klimaendringane rammar “framtidige generasjonar”, men det er ikkje sant. Det kunne ein sagt for tretti år sidan.

Så lenge eg har levd har politikarane visst kva dei er beint nødt til å gjere. Likevel har utsleppa både i Noreg og i verda gått opp.

Klimakrisa er kritisk. Forskarane har sagt det lenge. Me har sagt det lenge. Dei som styrer har ikkje lytta. Foreldregenerasjonen vår har kasta bort tida.

Faktum er at klimaendringane rammar oss som lever her og nå, og me har ikkje lenger tid til å vente på politikarane!

Fråverande klimarettferd

Ekstremværet me såg her heime i fjor var alvorleg, men me skal og hugse mange folk andre stader i verda i fleire år har kjent klimaendringane på kroppen.

Det er land i det globale sør som tar rekninga for forureiningsfesten vår. Det er dei fattigaste i verda, som har gjort minst for å forårsake klimaendringane, som blir hardast ramma av dei.

Før jul var eg på FNs klimaforhandlingar i Polen. Og eg må ærleg innrømme at eg synest det er heilt vanvittig: Desse forhandlingane har føregått lenger enn eg har levd, og likevel er det framleis slik at Noreg og dei rike landa sluntrar unna sitt historiske ansvar for klimakrisa. Dei set seg høge mål, men kjem ikkje med forpliktande planar for å kutte eigne utslepp.

For å nå måla i Parisavtala må rike land komme med pengar til klimatiltak i det globale sør, slik at dei og kan få den velferda me tar for gitt, utan at det betyr store utslepp. Moglegheita til å sleppe ut klimagassar, den er det jo me som har brukt opp.

Men på klimatoppmøtet i Polen stilte ikkje dei rike landa opp med pengar, verken til klimatiltak eller for å tilpasse seg og reparere skader frå klimaendringar *me* er skuld i. Å betale for våre klimasynder er vårt moralske ansvar.

Du kan jo spørre deg sjølv: Hadde du godtatt at nokon kom og sette fyr på huset ditt, brann ned skulen, og så sa: Nei, det der må du ordne opp i sjølv – eg skal ikkje kompensere deg. Akkurat like urettferdig er klimakrisa mot det globale sør.

Klimatoppmøtet i Polen skulle vise korleis me skal gjennomføre Parisavtala, men endte opp med utilstrekkelege tiltak. Me er ennå milevis unna måla, og alle dei landa som kjenner klimaendringane på kroppen får langt frå nok hjelp av dei som har skapt problemet.

Min klare beskjed til klima- og miljøminister Ola Elvestuen og regjeringa er at fram mot neste klimatoppmøte så er Noreg nødt til å slutte å vere ein bremsekloss. Noreg treng eit klart nasjonalt mål og tiltak for å nå det, og me

må auke klimabistanden. Me kan ikkje sluntre unna vårt historiske ansvar, me treng ei rettferdig løysing på klimakrisa, og me treng det nå!

Gapet mellom ord og handling

I 2018 er det blitt klarare enn nokon gong at gapet mellom ord og handling er altfor stort. Sjølv tre år etter at verdas land blei einige om klimaavtala i Paris, så har me ennå ikkje nok tiltak for å nå måla.

Alle forplikningane som nå er lagt på bordet tar oss til ein kloden som er meir enn tre gradar varmare. Målet er 1,5 grad.

FNs klimapanel seier at går oppvarminga over 1,5 grad til to gradar så blir alle verdas korallrev utrydda. Dobbelt så mange artar mistar leveområda sine og fleire hundre millionar menneske vil oppleve fattigdom og risiko for ekstremvær.

Me styrer mot *tre* gradar oppvarming. Det gir oss ein klode me verkeleg ikkje har lyst til å leve på. Me treng ei heilomvending av skuta. Ifølge FNs klimapanel må utsleppa i verda halverast i løpet av dei neste 12 åra, og vere null innan 2050.

Då er det heilt hårreisande at regjeringa i sitt eige statsbudsjett skriv at med politikken deira vil me kutte våre utslepp med berre 14 % innan 2030. Det er mindre enn ein tredjedel av dei utsleppskutta som trengst. Me treng ei halvering!

Eg må spørre: Me står overfor jordas største krise nokonsinne. Når skal norske politikarar fjerna oljeskylappane? Når skal dei vakne fra handlingslamminga? Nå er det på tide å få ut fingaren og gjere noko!

Det er som Greta Thunberg sa på klimatoppmøtet i Polen:

"Dokker er ikkje vaksne nok til å seie det som det er. Til med og med byrda skal dokker legge på barna. (...) Dokker seier at dokker elsker barna dokkar over alt anna, men dokker steler framtida deira rett framføre auga på dei".

Om det er noko som provoserer meg, og eg har ikkje tal på kor mange gonger dette har skjedd, så er det når politikarar seier at: Jo, det er veldig viktig å lytte til dei unge og at klimakrisa, det er jo vår tids største utfordring.

Dei seier det, og så går dei heim og opnar nye oljefelt, bygger nye motorvegar og planlegg nye rullebaner for at me skal fly meir – dei pøser på med meir av det som har skapt klimakrisa.

Me kan ikkje la dei sleppe unna med dette. Me kan ikkje tolerere at regjeringa bryt klimamåla, og lyg oss opp i fjeset!

Unge må takast på alvor

Unge over heile verda er lei og protesterer mot handlingslamminga. I haust har tusenvis av ungdommar over heile verda arrangert klimastreik frå skulen etter modell frå Greta Thunbergs.

Og då me arrangerte skulestreik i Noreg i haust, var me tusen elevar som deltok over heile landet!

Heile verda har latt seg inspirere av 15 år gamle Greta Thunberg. Ho viser kor mykje ein person kan få til. Eg er einig med det Bergens Tidende skreiv i romjula:

”Om du tenkjer at vi skulle hatt ein Greta Thunberg i Noreg, kan du leite i ditt næraste lokallag av Natur og Ungdom. (...) Dei som skal vere her lengst, tek det største ansvaret. (...) Det viktigaste no er å ta ungdommen med på råd. Lytt og lær. Noreg er fullt av Greta Thunbergar.”

For eg veit at eg kjenner ein heil haug med Greta Thunbergarar. Me har så utruleg mange av desse folka i organisasjonen vår, og dokker inspirerer meg.

Eg blir inspirert av Kamilla frå Alta som grillar gruvedirektør Øystein Rushfeldt på debatt i Kvalsund. Av Tuva i Øvre Romerike NU som held appell mot 3. rullebane på ein stappfull aksjon utfor Stortinget.

Eg blir inspirert av Thor i sentralstyret som seglar heile vegen til Bjørnøya på ekspedisjon for å vise stadene regjeringa vil øydelegge med oljeboring.

Markus, Mari, Ragnhild og alle dei andre i Hamar NU som maler sykkelfelt i sentrum. Som kler seg ut som tre og har gateteater for skogvern.

Einar i naturvernutvalet som drar på møte med olje- og energiministeren, og får stansa utbygging av den verdifulle elva Vinda.

Sindre og Tromsø NU som overnattar utanfor kjøpesenter i protest mot Black Friday.

Matilde, Sanna og Eigersund NU som troppar opp når Ketil Solvik-Olsen er i byen og forlangar dobbeltspor.

Nils, Diba, Hanna og alle dei andre i Oslo NU som den eine dagen får Oslo kommunes miljøpris, og den andre dagen skriver "Norsk olje koker kloden" med kritt over heile Karl Johan (og får politiet på nakken)

Eg er så stolt for å få lov til å jobbe med dokker, og dokker er levande bevis på at alle dei gamle knarkane som etterlyser eit ungdomsopprør kan ta seg ei bolle!

Foreldregenerasjonen må halde seg sjølve ansvarlege for det er dei som sit med makta og kan gjere noko med klimaproblemet. De må slutte å prate om kor bra det er at me engasjerer oss, og starte å gjere noko med det sjølv!

Havparadokset: Regjeringa vil rydde plast, men dumpe gruveslam

Sidan 1970 - sidan foreldra våre blei født - har jorda mista minst 60 % av bestandane av ville dyr, halvparten av dei tropiske korallane og nesten ein femtedel av regnskogen i Amazonas.

Tap av natur har også noko å seie for oss menneske: FNs naturpanel seier at heile tre milliardar menneske kan bli ramma av at naturen blir øydelag. Tapet av naturmangfald trugar økonomi, mattryggleik og livskvalitet.

Dei sjokkerande tala viser at tap av natur er eit problem som hastar. Kvart einaste inngrep som blir gjort er ein del av problemet.

Eit av dei klaraste døma på at regjeringa sviktar naturen vår, er planane om dumping av gruveslam i fjordane våre.

Det er eit utruleg stort paradoks at mens Erna Solberg snakkar på innpust om kor farleg det er med plast i havet - og arrangerer internasjonale FN-konferansar om å ta vare på havet - så går ho samstundes god for dei største miljøskandalene i nyare tid med gravedumpinga i Førdefjorden og Repparfjord.

I 2018 var det 40 år sidan Stortinget vedtok utbygginga av Alta-Kautokeino-vassdraget, som skapte Alta-kampen og dei største miljø- og

urfolksaksjonane Noreg har sett. I etterkant sa statsminister Gro Harlem Bruntland at det hadde vore feil å bygge ut elva.

Nå står regjeringa i fare for å gjere den same tabben igjen. Eg lurar på om dei har lært nokon ting. Me kan ikkje lenger gjenta feil ifrå fortida - å dumpe søppel i havet og drite i samanes rettigheiter er så innmari 80-tals!

Kjære Erna Solberg, eg har ei lita nyheit til deg: Du er gjennomskua. Alt pratet om å ta vare på havet er ingenting verdt når du vil dumpe millionar av tonn med giftig slam i fjordane våre!

Eg, og hundre andre, lenka oss mot Nordic Mining ved Førdefjorden i 2016. Nå i haust blei eg ferdig med å betale den bota, så kjære Erna, eg veit at eg og ein heil drøss med andre er klare for å aksjonere igjen!

2800 personer har skrive seg på liste for å aksjonere sivilt ulydig dersom regjeringa ikkje lyttar til fiskarane, reiselivet, samane, reinbeitedistrikta og havforskarane som går mot gruveprosjekta.

Kjære Erna, var eg deg ville eg lagt gruveplanane i ein djup skuff og kasta nøkkelen, for du skal vite at å øydelegge fjordane våre - det kan du berre drite i!

Klare krav til ny regjering

Tidlegare denne veka troppa me opp utfor regjeringsforhandlingane med Krf for å seie klart ifrå: Ei ny regjeringserklæring må ha ein klar plan for utsleppskutt og å ta vare på naturen vår. Me har ikkje lenger tolmod for politikarar som ikkje tar ansvar!

Men sjølv om det har blitt snakka mykje om Krf, så har alle partia ein stor jobb å gjere. Høgre og Framstegspartiet kan ikkje fortsette med å legge alt ansvaret på Krf og Venstre.

Alle partia må ta ansvar for å rette opp regjeringas skakkøyrde miljøpolitikk som verken tar vare på naturen vår eller omstiller Noreg til nullutslepp.

Våre klare forventningar til Erna Solberg, Siv Jensen, Trine Skei Grande og Kjell Ingolf Ropstad er at viss dei skal kome fram til ei regjeringserklæringa som er verdt noko, må den ha klare forbetringar frå den førre.

Dei må lytte til dei krystallklare krava frå Unge Venstre og KrfU: Det kan ikkje delast ut nokon nye oljelisensar, og gruvedumpinga i Førdefjorden og Repparfjord må stansast!

Lofoten, Vesterålen og Senja - målet er i sikte

Kjære landsmøte, det er ein miljøsak som eg føler eg har jobba med så lenge at det er ein del av livet mitt. Det var saka som var aktuell då eg blei med i NU i 2010, og allereie før det hadde NU-arar stått på i fleire tiår.

Men nå dokker, så er faktisk sigeren innfor rekkevidde. Året som har gått har gitt oss gjennomslag, og denne lange stafetten går mot slutten. Snart skal kampen vår kronast med siger, når Arbeiderpartiet går inn for et oljefritt Lofoten, Vesterålen og Senja!

Ein skal ikkje mange åra tilbake før nesten alle kommunane i Lofoten, Vesterålen og Senja stilte seg positive til olje. Nå er det ingen igjen i Lofoten, og i Vesterålen har både Sortland og Øksnes snudd.

Lokalt kjøper ein ikkje lenger oljeindustriens argument. Stadig fleire ser risikoen ved oljeboring i så uerstattelege område. Og dei ser kor tynn suppe Karl-Eirik Schøtt-Pedersen i Norsk Olje og Gass serverer på sine friarferdar for oljeboring.

Det siste året har stadig fleire blitt einige med oss. På Unge Høgres landsmøte i juni var det berre 11 røyster som gjorde at dei ikkje gjekk mot olje. Det var knapt, men i etterkant har fleire fylkeslag snudd riktig veg.

Dei største sigrane har imidlertid kome i AP. I fjor snudde fleire fylkeslag, men den største sigeren kom då Nordland AP gjekk bort frå å kreve opning av Lofoten, Vesterålen og Senja for oljeboring med eit solid fleirtal på 111 mot 10 røyster!

Nordland AP - ein av dei ivrigaste forkjemparane for oljeboring - gravla stridsøksa. Jonas Gahr Støre, du må lytte til grasrota i ditt eige parti: Det eit soleklart fleirtal som vil ha eit oljefritt Lofoten, Vesterålen og Senja!

Kjære Landsmøte, eg vil dokker skal vite at dette hadde ikkje skjedd utan oss. Det hadde ikkje skjedd utan at NU-arar, over heile landet, hadde stått på stand, snakka med politikarar, skrive lesarbrev, arrangert aksjon, dratt på møte.

Og me skal vere der når Arbeidarpartiet forhåpentlegvis snur i april, same helg som me har Årkonferanse. Eg gler meg så utruleg masse og håper dokker alle saman og vil vere der å nyte det! For denne sigeren kjem ikkje av seg sjølv - den kjem på grunn av alle dokker!

Kampen for eit oljefritt LoVeSe har vi holdt på med lenge. Han er utruleg viktig fordi han også representerer noko større, nemleg eit taktskifte i norsk oljepolitikk - kor regelen har vært at oljeindustrien får det absolutt alt den peikar på.

Når politikar etter politikar forstår at nokre område er for sårbare og verdifulle til å bore etter olje i - så er vegen langt kortere til å skjønne at me også har fleire verdifulle havområde som må vernast mot olje.

Ny runde i historisk klimasøksmål

Er det ein annan ting eg verkeleg gler meg til i år så er det når me 5. november skal slepe staten inn for retten til andre runde av klimasøksmålet i lagmannsretten.

Då me var her på landsmøtet i fjor hadde me nettopp fått vite at staten var frikjent - Oslo tingrett meinte staten ikkje hadde brote grunnlovas miljøparagraf ved å gi tillatelse til oljeleiting i Barentshavet.

Imidlertid var dommen svak på fleire område. Det er jo sjølvsagt at me har eit klimaansvar for olja me produserer! Det hoppa dommaren glatt bukk over. Og derfor var det heilt på sin plass at me på landsmøtet i fjor vedtok at me ville anke dommen.

Klimasøksmålet tar for seg noko så enkelt men samstundes så vanskeleg for regjeringa: Me har funne meir olje enn me nokonsinne kan brenne, og me kan ikkje leite etter meir. Det er vårt moralske ansvar!

Likevel er oljepolitikken til regjeringa heilt på villspor. I fjor slapp oljeindustrien til i nye område, tett innpå dei sårbare fuglefjella på Bjørnøya. Alle veit at det er galskap - både for klima og den norske økonomien - å leite etter meir olje når me må bruke mindre.

Likevel set regjeringa våre skattepengar, og vår framtid, på spel for å tyne ut dei siste oljedropene. Det er eit veddemål mot eit leveleg klima!

Før jul uttalte Erna Solberg at den siste personen som skal slokke lyset på norsk sokkel ennå ikkje er født. Då kjente eg eg blei alvorleg sur. Å tru at Noreg skal fortsette å pumpe olje inn i evigheita det er, spør du meg, akkurat det same som å vere klimafornektar.

Fordi regjeringa ikkje kjenner nokon grenser for oljeboringa, så treng me klimasøksmålet. Me kan ikkje la staten sleppe unna med oljeboring stikk i strid med vår grunnlovsfesta rett til miljø!

Eg er utruleg spent på ein ny runde i retten, og håper dokker alle er klare. Me har sett kor stort engasjement klimasøksmålet har skapt. Frå me fekk dommen i januar til me anka en måned seinare kom det inn over 300 000 kroner i frå folk som ville me skulle anke.

Totalt har me samla inn over 1,6 millionar kroner frå meir enn 1000 enkeltpersonar sidan me først gjekk i gang med søksmålet for to år sidan. Det er klar tale om at folk heiar på oss, og vil me skal vinne!

Ta vare på miljøet og deg sjølv

Er det ein ting eg vil avslutte med å seie så er det at eg gler meg til eit utruleg innhaldsrikt år i NU. Eg er utruleg heldig som får vere leiar i ein slik organisasjon. Det er alle dokker som inspirerer meg og gjer dette til verdas beste verv.

Viss det er ein ting eg håper me skal få til som organisasjon dette året, så er det å dra lasset saman. Det er jo slikt at når ein har verv i frivillige organisasjonar, så er det av og til nokon som gjer masse, og andre som vil bidra men kanskje ikkje veit korleis.

La oss bli betre til å jobbe saman som eit lag - slik at me både får vunne miljøsakene og samtidig ta vare på oss sjølv og kvarandre slik at engasjementet kan vare.

Me er ein av dei viktigaste fornybare energikjeldene me har - og det finst ingen grenser for kva me kan få til. Eg gler meg masse til å vere leiar for dokker det neste året og alt det utrulege me skal få til!

Takk for meg og godt landsmøte!